

# Årsmelding

## for Skolemuseumslaget i Rogaland 2023.

Årsmøtet for skolemuseumslaget 2023 blei halde 23.mars på Stavanger Museum. 8 personar møtte. Årsmelding og rekneskap for 2022 blei gjennomgått og godkjent.

Valet fekk følgjande utfall:

Leiar: Sigmund Sunnanå.

Kasserar: Marta Gudmestad.

Andre styremedlemmer: Ellinor Bryne, Ketil Knutsen, Tor Ytre-Arne.

Varamedlem: Dan Dyrli Daatland.

Revisor: Kåre Tysland.

Redaksjonsnemnd: Sigmund Sunnanå, Marta Gudmestad, Ellinor Bryne, Ketil Knutsen, Tor Ytre-Arne, Dan Dyrli Daatland..

Styret har hatt to møte. Styret har arbeidd vidare med å utvikla heimesida for skolemuseumslaget. Artiklar frå arkivet er samla i ei digital årbok for 2023 med tema: *Skulemannen Kjell A. Jensen. Skulesentralisering. Spesialpedagogiske senter ved Universitet i Stavanger.*

På heimesida ligg nå 11 digitale årbøker, frå 2009 til 2023 + artiklar i arkivet. Her er også ein artikkeloversikt frå 1984 til 2016. Statistikken viser at heimesida i 2023 hadde 13406 besøk. Adressa til heimesida er [www.skolehistorie.no](http://www.skolehistorie.no)

Skolemuseumslaget hadde i 2023 83 adresser på medlemslista. Dette er 22 færre adresser enn i 2022. Dei fleste av skolane i fylket har vi stroke frå lista, det same med andre adressar som vi ikkje har høyrte frå på ei stund. Vi har 54 e-postadresser til medlemmer, av desse er 8 nye. Brev om innbetaling av årskontingenten blei sendt til medlemmene i november 2023. Ved årsskiftet hadde 21 medlemmer betalt, det er 50 færre enn året før. Laget fekk 2023 eit tilskot frå Utdanningsforbundet på kr 5000,- til drift av heimesida. Fordi ikkje alle medlemmer har e-post, vil framleis korrespondanse pr. post vera nødvendig.

Stavanger 07.02.2024

Sigmund Sunnanå

Marta Gudmestad